Fagskolen
Vestland fylkeskommune

# Møteinnkalling

| **Utval:** | Styret for Fagskolen i Hordaland |
|---|---|
| Møtestad: | Nettmøte, Zoom |
| **Dato:** | 29.04.2021 |
| **Tid:** | Kl. 09:00 |

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til post.fih@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemer i styret for Fagskolen i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00 Munnlege orienteringar

- Covid-19 tiltak
- Samanslåingsprosessen

Kl. 09:30 Sakshandsaming

Kl. 11:00 Avslutning

**Emil Gadolin**

Styreleiar

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off |
|---|---|---|---|
| GK 05/21 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | 2020/1479 | |
| GK 06/21 | Godkjenning av møteprotokoll frå 18.03.2021 | 2020/1479 | |
| | **Referatsaker** | | |
| RS 03/21 | Rekneskap per mars 2021 | 2020/1479 | |
| | **Vedtakssaker** | | |
| VS 07/21 | Tilbodsstruktur 2021/22 | 2020/1479 | |

Fagskolen
Vestland fylkeskommune

**Fagskolen i Hordaland**
Notat **RS 03/21**

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2020/1479-72 |
| **Saksbehandlar** | Adeline Berntsen Landro |
| **Dato:** | 22.04.2021 |

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

**Frå:** Rektor

# Rekneskap pr. mars 2021

Fagskolen i Hordaland har følgjande budsjett i 2021:

| **Budsjettpost** | **Årsbudsjett 2021** | **Budsjett pr Q1** |
|---|---|---|
| Løn og andre kostnadar | 129 076 407 | 32 269 102 |
| Underskot frå 2020 | 4 272 764 | 1 068 191 |
| Statstilskot | -103 723 334 | -25 930 834 |
| Inntekter frå oppdragsverksemd | -1 500 000 | -375 000 |
| Studieavgift | -1 600 000 | -400 000 |
| Samarbeidsrådet | -1 400 000 | -350 000 |
| Andre inntekter (MARFAG) | -100 000 | -25 000 |
| Prosjektmidlar frå 2020 | -13 116 619 | -3 279 155 |
| **Midlar frå VLFK** | | |
| **Sum** | **11 909 218** | **2 977 305** |

Skulen har i 2021 budsjettert med om lag 133 mill. kr i utgifter, samt tilsvarande beløp i inntekter og fylkeskommunalt tilskot.

Pr. mars 2021 er Fagskolen i Hordaland sitt rekneskap som følgjer:

| **Tekst** | **Rekneskap** | **Budsjett** |
|---|---|---|
| Adm./leiing | -61 448 598 | -21 854 096 |
| Undervisning | 25 704 463 | 27 336 972 |
| Oppdragsverksemd | 149 576 | -375000 |
| **TOTAL** | **-35 594 559** | **5 107 876** |

| <u>**Forklaring på resultat:**</u> | <u>**-35 594 559**</u> |
|---|---|
| Statstilskot Q2 | 25 930 834 |
| Avsett til prosjekt | 13 089 047 |
| **Overskot pr. mars 2021** | **3 425 322** |

| Utdanning | Rekneskap mars 2021 | BUDSJETT mars 2021 | DIFFERANSE |
|---|---|---|---|
| **Bygg (Bygg og KEM)** | **4 414 782** | **4 340 128** | **74 654** |
| Løn og reiseutgifter | 4 370 863 | | |
| Andre kostnadar | 43 919 | | |
| **Anlegg** | **880 801** | **871 278** | **9 523** |
| Løn og reiseutgifter | 873 301 | | |
| Andre kostnadar | 7 500 | | |
| **Maritim Bergen** | **3 009 265** | **3 798 585** | **-789 320** |
| Løn og reiseutgifter | 2 881 914 | | |
| Andre kostnadar | 107 386 | | |
| Korona (prosjekt 300050) | 19 965 | | |
| **Maritim Austevoll** | **1 403 228** | **1 136 843** | **266 385** |
| Løn og reiseutgifter | 959 928 | | |
| Andre kostnadar | 443 300 | | |
| **Elektro (Elkraft og Automatisering)** | **6 176 943** | **6 229 970** | **-53 027** |
| Løn og reiseutgifter | 5 731 096 | | |
| Innleigd personale | 342 510 | | |
| Andre kostnadar | 36 428 | | |
| Korona (prosjekt 300050) | 66 909 | | |
| **Helse** | **546 110** | **943 507** | **-397 397** |
| Løn og reiseutgifter | 538 653 | | |
| Innleigd Haukeland | 0 | | |
| Andre kostnadar | 7 457 | | |
| **Arborist** | **248 864** | **360 203** | **-111 339** |
| Løn og reiseutgifter | 150 814 | | |
| Innleigd personale | 93 587 | | |
| Andre kostnader | 775 | | |
| Korona (prosjekt 300050) | 3 688 | | |
| **Lokal matkultur** | **640 746** | **571 349** | **69 397** |
| Løn og reiseutgifter | 606 140 | | |
| Andre kostnadar | 34 606 | | |
| **Maskin** | **2 793 670** | **2 825 826** | **-32 156** |
| Løn og reiseutgifter | 2 520 331 | | |
| Innleigd personale | 182 048 | | |
| Andre kostnadar | 54 288 | | |
| Korona (prosjekt 300050) | 37 003 | | |
| **Petroleum (Boring)** | **1 890 426** | **1 867 927** | **22 499** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Løn og reiseutgifter | 1 681 811 | | |
| Innleigd personale | 60 300 | | |
| Andre kostnadar | 148 315 | | |
| **Prosess** | **1 277 946** | **1 149 349** | **128 597** |
| Løn og reiseutgifter | 1 175 738 | | |
| Andre kostnadar | 102 208 | | |
| **Merkantil** | **590 877** | **728 979** | **-138 102** |
| Løn og reiseutgifter | 587 777 | | |
| Andre kostnadar | 3 101 | | |
| **Fagskolestyret** | **137 669** | **233 638** | **-95 969** |
| Løn og reiseutgifter | 137 669 | | |
| Andre kostnadar | 0 | | |
| **Administrasjon og leiing** | **-61 448 598** | **-21 854 096** | **-39 594 502** |
| Løn og reiseutgifter | 3 537 534 | | |
| Andre kostnadar | 32 732 | | |
| Statstilskot | -51 861 667 | | |
| Inntekter | -68 150 | | |
| Prosjekt overførte midlar | -13 089 047 | | |
| **Fagskole felles** | **2 389 186** | **3 242 007** | **-852 821** |
| Andre kostnadar | 1 624 690 | | |
| Semesteravgift | -624 800 | | |
| Studieavgift | -750 000 | | |
| Prosjekt (avsette midlar) | 1 314 130 | | |
| Prosjekt (eigenandel) | 529 707 | | |
| Prosjekt (div) | 295 458 | | |
| **IT, Bibliotek, skulelokale (DIV)** | **59 424** | **69 996** | **-10 572** |
| IT | 32 494 | | |
| Bibliotek | 4 322 | | |
| Skulelokale | 22 608 | | |
| **Sum** | **-34 988 660** | **6 515 489** | **-28 473 171** |

Fagskolen
Vestland fylkeskommune

**Fagskolen i Hordaland**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2020/1479-71
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Styret for Fagskolen i Hordaland | VS 07/21 | 29.04.2021 |

# Tilbodsstruktur 2021/22

## Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek følgjande tilbodsstruktur for skuleåret 2021/22:

| 691 | Fagskolen i Hordaland | Nye studentar | Søkjarar vår 2021 |
|---|---|---|---|
| **Nordnes** | Klima, energi og miljø i bygg FTB03H | 0 | 16 |
| | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 40 | 52 |
| | KEM /Tak og fasade FTB03N | 0 | - |
| | Bygg FTB01H | 30 | 54 |
| | Bygg FTB01N | 80 | 95 |
| | Automatisering FTE01H | 0 | 23 |
| | Automatisering FTE01N | 40 | 57 |
| | Elkraft FTE03H | 30 | 67 |
| | Elkraft FTE03N | 80 | 121 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 30 | 43 |
| | Maskinteknikk FTT04N | 40 | 92 |
| | Maskinteknikk med ISO FTT11N | 0 | - |
| | Prosessteknikk FTK01H | 0 | - |
| | Prosessteknikk FTK01N | 40 | 56 |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54H | 0 | - |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54D | 20 | 45 |
| | Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D | 30 | 65 |
| | Rehabilitering FHH64D | 0 | 11 |
| | Spesialreinhald FHH10D | 20 | 42 |
| | Robotteknologi og digital produksjon FTT57H | 0 | - |
| | Robotteknologi og digital produksjon FTT57N | 30 | 31 |
| **Stord** | Maskinteknikk FTT04H | 30 | 50 |
| | Maskinteknikk med ISO FTT11H | 0 | - |
| | Elkraft FTE03H | 0 | - |
| | Automatisering FTE01H | 0 | - |
| **Nygård** | Maskinoffiser FTM06H | 30 | 47 |
| | Dekksoffiser FTM05H | 30 | 84 |
| | Boring FTP01H | 40 | 45 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Havbunnsinstallasjoner FTP04H | 0 | **6** |
| **Austevoll** | Dekksoffiser FTM01H | 30 | **30** |
| | Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N | 30 | **49** |
| | Resirkuleringsanlegg for oppdrettsnæringen | 0 | **-** |
| **Hjeltnes** | Arborist FPS01D | 0 | **-** |
| | Lokal matkultur FTK51N | 25 | **27** |
| **Voss** | Anlegg FTB02H | 0 | **-** |
| | Anlegg FTB02N | 32 | **49** |
| | Rehabilitering FHH04D | 0 | **-** |
| | **Totalt** | **757** | **1257** |

## Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til endeleg tilbodsstruktur for skuleåret 2021/22 basert på søkjartala per 15. april 2021. Innan søknadsfrist 15. april var det registrert totalt 2473 søknader til fagskulen om plass ved eit studie hausten 2021. Av desse var det 1834 søkjarar (personar) og 1257 primærsøkjarar (søkjarar med tilbod ved FiH som førsteval). Av fagskulen sin ramme på kr 115 mill. er det kr 95,2 mill. til fordeling på utdanningstilbod i budsjettåret 2021. Av desse er kr 43,3 mill. disponert våren 2021, og det er kr 51,8 mill. igjen av ramma for hausten 2021.

**Torbjørn Mjelstad**
rektor, Fagskolen i Hordaland

**Adeline Berntsen Landro**
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til endeleg tilbodsstruktur for skuleåret 2021/22 basert på søkjartala per 15. april 2021. I fortsettinga vert det først kort gjort greie for søkjartala våren 2021, og deretter disponibel ramme til fordeling til nye tilbod. Til slutt vert forslag til oppstart av nye klassar hausten 2021 vist per studiestad.

### Søkartal

Innan søknadsfrist 15. april var det registrert totalt 2473 søknader om plass ved eit studie hausten ved Fagskolen i Hordaland 2021. Av desse var det 1834 søkjarar (personar) og 1257 primærsøkjarar (søkjarar med tilbod ved FiH som førsteval). Dette er ei auke frå året før då det var 2193 søknader, 1593 søkjarar og 1095 primærsøkjarar.

Det er svært kort sakshandsamingstid i høve til poengberekninga og alle dei om lag 2500 søknadene skal vere ferdig handsama innan 30.04.2021, saman med styrevedtak om kva tilbod som skal starte opp. På grunn av den korte fristen og det store talet på søknadar som skal sakshandsamast er det ikkje mogleg å ha heilt ferdige tal på kvalifiserte søknader til denne saka vert publisert. Styret vil derfor få lagt fram tal på kvalifiserte søkjarar i møtet. Administrasjonen har prioritert sakshandsaming av tilbod der det har vore uklart om det var nok kvalifiserte søkjarar for å starte opp, slik at saka vert tilstrekkeleg belyst. I saka elles er det tala på primærsøkjarar som vert lagt til grunn for om eit tilbod bør opprettast eller ikkje. Det er talet på primærsøkjarar som gjev best peikepinn på kor mange studentar det vil bli i ein klasse.

### Ramme 2021

Ramma for budsjettåret 2021 er på om lag kr 115 mill. og består av både eit statleg tilskot og eit fylkeskommunalt tilskot. Det statlege tilskotet består av eit grunntilskot og eit resultatbasert tilskot. Ramma for 2021 har auka med om lag 9 mill. frå året før og er i hovudsak eit resultat av opptrapping av talet på studieplassar i samband med Covid-19 pandemien. Fagskolen i Hordaland fekk til saman 76,9 nye studieplassar hausten 2020 som no vert trappa vidare opp.

Av ramma på kr 115 mill. er det kr 95,2 mill. til fordeling på utdanningstilbod i budsjettåret 2021. Av desse er kr 43,3 mill. disponert våren 2021, og det er kr 51,8 mill. igjen av ramma for hausten 2021. I forslag til tilbodsstruktur for skuleåret 2021/22 vert det føreslått å disponere kr 41,4 mill., og det vert såleis kr 10,5 mill. av ramma som ikkje vert disponert i tilbodsstrukturen.

| Ramme til fordeling | 95,2 mill. |
|---|---|
| Forbruk vår 2021 | 43,3 mill. |
| Forbruk haust 2021 | 41,4 mill. |
| Ikkje disponert | 10,5 mill. |

I mellombels tilbodsstruktur som vart vedteke 04.12.2020 var det lagt til grunn at kr 6,5 mill. ikkje skulle disponerast i ramma, og at dette skulle dekke naudsynte investeringar og eigenkapital i prosjekt som er gåande. Bakgrunnen for denne endringa er talet på tilbod som vert føreslått oppretta på bakgrunn av søkjartal, samt eit tilbod som ikkje er akkreditert jf. med utrekningane i førebels tilbodsstruktur.

Som det kom fram av styresak VS 06/21 «Budsjett 2021 og årsrekneskap 2020», har fagskulen eit meirforbruk på kr 4 mill. frå 2019 som skal dekkast inn i 2021. Dei midlane som vert føreslått ikkje disponert vil såleis også kunne dekke underskotet frå 2019.

15. oktober 2020 søkte fagskulen Vestland fylkeskommune om vidareføring av tilskot, samt nye studieplassar til utdanningane KEM (heiltid), Resirkuleringsanlegg for oppdrettsnæringa (deltid) og Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse (deltid) på til saman 60 studieplassar (heiltid). Det vart ikkje løyvd midlar til nye studieplassar over statsbudsjettet i 2021, men Vestland fylkeskommune ga likevel midlar til 15 nye heiltidsekvivalentar til studiet Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse med oppstart hausten 2021.

## Forslag til tilbodsstruktur 2021/22

Under følgjer forslag til tilbodsstruktur summert for heile skulen ved det einskilde studiestad, og deretter vert tilbodsstrukturen vist i detalj for kvar studiestad. Endringane som vert føreslått i høve til kva som vart vedteke i mellombels tilbodsstruktur desember 2020 vert kommentert. Endringane er også markert med lys raudt på utdanningstilbodet.

### Totalt på skulen

| SUMMERT | Nye studentar | 2. klasse | 3. klasse | Sum klassar | Søkjarar vår 2020 | Søkjarar vår 2021 | avslag (-) / restplassar (+) | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Nordnes** | 510,00 | 14,00 | 7,00 | 36,00 | 733,00 | 870,00 | -360,00 | 50 421 674 |
| **Stord** | 30,00 | 1,00 | - | 2,00 | 61,00 | 50,00 | -20,00 | 4 425 650 |
| **Nygård** | 100,00 | 3,00 | - | 6,00 | 180,00 | 182,00 | -82,00 | 14 065 621 |
| **Austevoll** | 60,00 | 1,00 | - | 3,00 | 28,00 | 79,00 | -19,00 | 6 105 941 |
| **Hjeltnes** | 25,00 | 1,00 | 1,00 | 3,00 | 18,00 | 27,00 | -2,00 | 3 892 850 |
| **Voss** | 32,00 | 1,00 | 1,00 | 3,00 | 75,00 | 49,00 | -17,00 | 3 892 850 |
| **Fagskolen i Hordaland** | **757** | **21** | **9** | **53** | **1 095** | **1 257** | **-500** | **82 804 585** |

Tabell 1. Summert tilbodsstruktur fordelt på studiestad.

Tabell 1 viser at det vert føreslått å opprette 757 studieplassar ved fagskulen hausten 2021, og at det til saman vil vere 53 klassar. Dette er éin klasse mindre enn i skuleåret 2020/21, men nokre fleire studieplassar. Skuleåret 2020/21 vart det oppretta 718 studieplassar inkludert Covid-19 plassane.

Basert på talet på tilgjengelege plassar og talet på søkjarar vil det vere 500 primærsøkjarar som ikkje får tilbod ved Fagskolen i Hordaland.

Budsjettsummen i siste kolonne er budsjettet for eit heilt år, og inneheld i hovudsak direkte driftskostnader. Det er såleis halvårsverknaden av denne summen som skal disponerast for hausten 2021.

### Nordnes

| 691 | Fagskolen i Hordaland | Ressurs | Kostnad | Nye studentar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Sum Klassar | Søkjarar vår 2020 | Søkjarar vår 2021 | avslag (-) / restplassa | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Nordnes** | Klima, energi og miljø i bygg FTB03H | 2,1 | 1 946 425 | | | | **0** | 0 | **16** | -16 | - |
| | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 1,4 | 1 297 617 | 40 | 1 | 1 | **3** | 57 | **52** | -12 | 3 892 850 |
| | Bygg FTB01H | 2,1 | 1 946 425 | 30 | 1 | | **2** | 70 | **54** | -24 | 3 892 850 |
| | Bygg FTB01N | 1,4 | 1 297 617 | 80 | 2 | 2 | **6** | 75 | **95** | -15 | 7 785 700 |
| | Automatisering FTE01H | 2,1 | 1 946 425 | | 1 | | **1** | 47 | **23** | -23 | 1 946 425 |
| | Automatisering FTE01N | 1,4 | 1 297 617 | 40 | 1 | 1 | **3** | 61 | **57** | -17 | 3 892 850 |
| | Elkraft FTE03H | 2,1 | 1 946 425 | 30 | 1 | | **2** | 60 | **67** | -37 | 3 892 850 |
| | Elkraft FTE03N | 1,4 | 1 297 617 | 80 | 2 | 2 | **6** | 113 | **121** | -41 | 7 785 700 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 2,1 | 1 946 425 | 30 | 1 | | **2** | 48 | **43** | -13 | 3 892 850 |
| | Maskinteknikk FTT04N | 1,4 | 1 297 617 | 40 | 1 | 1 | **3** | 55 | **92** | -52 | 3 892 850 |
| | Prosessteknikk FTK01N | 1,4 | 1 297 617 | 40 | 1 | | **2** | 0 | **56** | -16 | 2 595 233 |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54H | 2,1 | 1 946 425 | | | | **0** | 0 | **0** | 0 | - |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54D | 1,4 | 1 297 617 | 20 | | | **1** | 23 | **45** | -25 | 1 297 617 |
| | Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D | 1,1 | 1 019 556 | 30 | 1 | | **2** | 40 | **65** | -35 | 2 039 112 |
| | Rehabilitering FHH64D | 1,1 | 1 019 556 | | | | **0** | 0 | **11** | -11 | - |
| | Spesialreinhald FHH10D | 1,1 | 1 019 556 | 20 | | | **1** | 32 | **42** | -22 | 1 019 556 |
| | Robotteknologi og digital produksjon FTT57H | 2,1 | 1 946 425 | | | | **0** | 0 | **0** | 0 | - |
| | Robotteknologi og digital produksjon FTT57N | 1,4 | 1 297 617 | 30 | 1 | | **2** | 17 | **31** | -1 | 2 595 233 |

Tabell 2. Tilbodsstruktur 2021/22 Nordnes

Tabell 2 viser forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Nordnes med tre endringar frå mellombels tilbodsstruktur. Det vert føreslått å ikkje opprette tilboda Klima, energi og miljø i bygg (heiltid), Automatisering (heiltid) og Rehabilitering (deltid).

Klima, energi og miljø i bygg har ikkje vore tilbydd som heiltidstilbod før, men det var ønskjeleg å undersøkje om det var etterspurnad for dette tilbodet på heiltid i tillegg til nettbasert med samlingar fordi det har vore ein auke i søkartala for det nettbaserte tilbodet. Som tabell 2 viser er det 16

primærsøkjarar og av desse er det 10 kvalifiserte søkjarar. Det var som nemnt tidlegare i saka søkt om nye studieplassar for dette tilbodet, men det er ikkje løyva nye plassar. På bakgrunn av både låge søkartal og manglande finansiering av tilbodet vert det føreslått å ikkje opprette tilbodet hausten 2021.

Ved tilbodet Automatisering (heiltid) har det i fleire år vore små klassar. Søkjartala har variert, men sjølv om det nokre gongar har vore bra med søkjarar så har det ved oppstart vore få studentar. I inneverande skuleår er det 17 studentar i fyrste klasse, og 9 studentar i andre klasse. Det var gode søkartal før start av desse, men få som møtte. Det er større interesse for det nettbaserte tilbodet, og det er gjerne tilstrekkeleg med det nettbaserte tilbodet for å dekke etterspurnaden. Ein kan vurdere oppstart neste haust for å sjå om det vert akkumulert søkjarar. Skulen kan også vurdere om det skal gjerast endringar i tilbodet, og ønskjer å drøfte dette med fagrådet innan elektro for å vurdere om tilbodet treffer behovet i stor nok grad.

Fagskulen fekk nye studieplassar til Automatisering (heiltid) i samband med Covid-19 plassane, og det er ikkje føreslått ei erstatning for dette tilbodet i strukturen. Samtidig så er opptrappinga ved dei nettbaserte tilboda over tre år, medan finansieringa for dei nettbaserte tilboda berre trappast opp for to år. Det vil sei at ved t.d. bygg nett vil fagskulen ha høgare aktivitet hausten 2022 enn det som skulen får tilskot for dersom det framleis vert tilbydd 6 nettklassar. I tillegg er det nye tilbod under godkjenning, og det kan trappast opp ved andre tilbod i 2022.

Tilbodet Rehabilitering (deltid) har ikkje vore aktivt sidan våren 2020 på grunn av små klassar og låge søkjartal. Våren 2020 var det 10 søkjarar då tilbodet vart lyst ut på Voss. I år er det 11 primærsøkjarar og av desse er det 7 kvalifiserte. På bakgrunn av dette vert det føreslått å ikkje opprette tilbodet.

## Stord

| 691 | Fagskolen i Hordaland | Ressurs | Kostnad | Nye studentar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Sum Klassar | Søkjarar vår 2020 | Søkjarar vår 2021 | avslag (-) / restplassar (+) | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Stord** | Maskinteknikk FTT04H | 2,1 | 2 212 825 | 30 | | | **1** | 32 | **50** | -20 | 2 212 825 |
| | Maskinteknikk med ISO FTT11H | 2,1 | 2 212 825 | | | | **0** | 29 | **0** | 0 | - |
| | Elkraft FTE03H | 2,1 | 2 212 825 | | 1 | | **1** | 0 | **0** | 0 | 2 212 825 |
| | Automatisering FTE01H | 2,1 | 2 212 825 | | | | **0** | 0 | **0** | 0 | - |

Tabell 3. Tilbodsstruktur 2021/22 Stord

Ved studiestaden Stord er det ikkje føreslått endringar, og det er gode søkjartal ved tilbodet Maskinteknikk (heiltid).

## Nygård

| 691 | Fagskolen i Hordaland | Ressurs | Kostnad | Nye studentar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Sum Klassar | Søkjarar vår 2020 | Søkjarar vår 2021 | avslag (-) / restplassar (+) | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Nygård** | Maskinoffiser FTM02H | 2,2 | 2 172 445 | 30 | 1 | | **2** | 57 | **47** | -17 | 4 344 890 |
| | Dekksoffiser FTM01H | 2,7 | 2 635 880 | 30 | 1 | | **2** | 80 | **84** | -54 | 5 271 759 |
| | Boring FTP01H | 2,4 | 2 224 486 | 40 | 1 | | **2** | 36 | **45** | -5 | 4 448 971 |
| | Havbunnsinstallasjoner FTP04H | 2,1 | 1 946 425 | | | | **0** | 7 | **6** | -6 | - |

Tabell 4. Tilbodsstruktur 2021/22 Nygård

Ved studiestad Nygård var det 6 primærsøkjarar til utdanninga Havbunnsinstallasjoner, og det vert føreslått å ikkje starte opp dette tilbodet til hausten. Kvalifiserte søkjarar kan få tilbod om å starte på Boring.

## Austevoll

| 691 | Fagskolen i Hordaland | Ressurs | Kostnad | Nye studentar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Sum Klassar | Søkjarar vår 2020 | Søkjarar vår 2021 | avslag (-) / restplassar (+) | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Austevoll** | Dekksoffiser FTM01H | 2,6 | 2 543 193 | 30 | 1 | | **2** | 28 | **30** | 0 | 5 086 385 |
| | Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N | 1,1 | 1 019 556 | 30 | | | **1** | 0 | **49** | -19 | 1 019 556 |
| | Resirkuleringsanlegg for oppdrettsnæringen | 1,1 | 1 019 556 | | | | **0** | 0 | **0** | | - |

Tabell 5. Tilbodsstruktur 2021/22 Austevoll

Tilbodet Resirkuleringsanlegg for oppdrettsnæringa er ikkje godkjent enda, og det vert ikkje føreslått å opprette dette tilbodet i samband med denne saka. Det er elles svært bra at det var 49 primærsøkjarar til det nye tilbodet Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse, og dei fleste er kvalifiserte. Gjennom rekrutteringa ser skulen at det er eit stort behov for denne kompetansen i heile landet.

## Hjeltnes

| 691 | Fagskolen i Hordaland | Ressurs | Kostnad | Nye studentar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Sum Klassar | Søkjarar vår 2020 | Søkjarar vår 2021 | avslag (-) / restplassar (+) | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Hjeltnes** | Arborist FPS01D | 1,4 | 1 297 617 | | 1 | | **1** | 0 | **0** | 0 | 1 297 617 |
| | Lokal matkultur FTK51N | 1,4 | 1 297 617 | 25 | | 1 | **2** | 18 | **27** | -2 | 2 595 233 |

Tabell 6. Tilbodsstruktur 2021/22 Hjeltnes

Tilbodet Lokal matkultur vart ikkje starta opp hausten 2020, og det er derfor gledeleg at det er 27 primærsøkjarar denne våren. Det er rekna at 19 av søkjarane er kvalifiserte, og det vert føreslått å starte opp tilbodet hausten 2021. Tilbodet vil i så fall ligge ute med restplassar fram til skulestart, og det er mogleg å få fleire studentar før start.

## Voss

| 691 | Fagskolen i Hordaland | Ressurs | Kostnad | Nye studentar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Sum Klassar | Søkjarar vår 2020 | Søkjarar vår 2021 | avslag (-) / restplassar (+) | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Voss** | Anlegg FTB02H | 2,1 | 1 946 425 | | | | **0** | 0 | **0** | 0 | - |
| | Anlegg  FTB02N | 1,4 | 1 297 617 | 32 | 1 | 1 | **3** | 65 | **49** | -17 | 3 892 850 |

Tabell 7. Tilbodsstruktur 2021/22 Voss

Det er gode søkjartal ved tilbodet Anlegg på studiestaden Voss, og det er ikkje føreslått endring frå mellombels tilbodsstruktur.

## Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høyere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbodsstruktur:

> «Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

## Konklusjon

Basert på saksframlegget vert følgjande tilbodsstruktur føreslått for skuleåret 2021/22:

| 691 | Fagskolen i Hordaland | Nye studentar | Søkjarar vår 2021 |
|---|---|---|---|
| Nordnes | Klima, energi og miljø i bygg FTB03H | 0 | 16 |
| | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 40 | 52 |
| | KEM /Tak og fasade FTB03N | 0 | - |
| | Bygg FTB01H | 30 | 54 |
| | Bygg FTB01N | 80 | 95 |
| | Automatisering FTE01H | 0 | 23 |
| | Automatisering FTE01N | 40 | 57 |
| | Elkraft FTE03H | 30 | 67 |
| | Elkraft FTE03N | 80 | 121 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 30 | 43 |
| | Maskinteknikk FTT04N | 40 | 92 |
| | Maskinteknikk med ISO FTT11N | 0 | - |
| | Prosessteknikk FTK01H | 0 | - |
| | Prosessteknikk FTK01N | 40 | 56 |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54H | 0 | - |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54D | 20 | 45 |
| | Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D | 30 | 65 |
| | Rehabilitering FHH64D | 0 | 11 |
| | Spesialreinhald FHH10D | 20 | 42 |
| | Robotteknologi og digital produksjon FTT57H | 0 | - |
| | Robotteknologi og digital produksjon FTT57N | 30 | 31 |
| Stord | Maskinteknikk FTT04H | 30 | 50 |
| | Maskinteknikk med ISO FTT11H | 0 | - |
| | Elkraft FTE03H | 0 | - |
| | Automatisering FTE01H | 0 | - |
| Nygård | Maskinoffiser FTM06H | 30 | 47 |
| | Dekksoffiser FTM05H | 30 | 84 |
| | Boring FTP01H | 40 | 45 |
| | Havbunnsinstallasjoner FTP04H | 0 | 6 |
| Austevoll | Dekksoffiser FTM01H | 30 | 30 |
| | Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N | 30 | 49 |
| | Resirkuleringsanlegg for oppdrettsnæringen | 0 | - |
| Hjeltnes | Arborist FPS01D | 0 | - |
| | Lokal matkultur FTK51N | 25 | 27 |
| Voss | Anlegg FTB02H | 0 | - |
| | Anlegg FTB02N | 32 | 49 |
| | Rehabilitering FHH04D | 0 | - |
| | **Totalt** | **757** | 1257 |